



Alt og alle krev vedlikehald, også fjordingen til Tor H. Myklebust. Den er ikkje levande sjølv om det kan verka slik, særleg under spesielle ljostilhøve. Gampen til vår lokale kunstnar har i mange år stått støtt for ver og vind mellom strandvegen og Tor si hytte på Neset. No var det naudsynt med eit nytt malingsstrøk.

Kunstnaren fann ikkje fram til rett kulør ved første strøket men etterkvart gjorde han det og no står gampen der og skin som var han ein kryssing av bronse og messing. No held han nok i nokre år til.

- Han er flott, seier ein av dei forbipasserande
- Han er staseleg, eier ein annan.

No ventar Tor berre på at båtlagemblemet hans skal verta ljossett. Kven tek seg av den saka?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen